



GLOPPEN KOMMUNE

LANDBRUKSKONTORET

Mottakarar:

Helge Schei	Vie	6812	
Jeffrey Thomas	Rygg	6823	SANDANE
Kjell Klopstad	Hukset	6817	NAUSTDAL
Leidulf Rygg Bogstad	Årdal	6827	BREIM
Nils Magne Gjengedal	Gjengedal	6829	HYEN
Normund Svoen	Solheimslia 2	6900	FLORØ
Oddmund Klakegg		6843	SKEI I JØLSTER
Ragnhild Sæle	Ålhus	6847	VASSENDEN
Viggo Leikanger	Geila 14	6817	NAUSTDAL

Vår referanse (oppgje ved svar)
13/1958

Dato:
13.02.2013

Referat frå konstituerande møte i felles folkevald nemnd for utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Stad: Gloppen Heradshus torsdag 31. januar kl 10.00

Frå styret møtte desse:

Førde	Helge Schei	fast representant
Gloppen	Jeffrey Thomas	fast representant
Gloppen	Leidulf Rygg Bogstad	fast representant
Gloppen	Nils Magne Gjengedal	fast representant
Jølster	Oddmund Klakegg	fast representant
Jølster	Ragnhild Sæle	fast representant
Naustdal	Kjell Klopstad	vararepresentant for Normund Svoen

Følgjande hadde forfall og møtte ikkje

Naustdal	Viggo Leikanger	fast representant
----------	-----------------	-------------------

Naustdal Ole Erik Tingnes vararepresentant for Viggo Leikanger

Førde kommune sin grunneigarrepresentant er ennå ikkje vald.

Frå Gloppen kommune møtte desse:

Anders Ryssdal	ordfører
Marit Elisabeth Larssen	rådmann
Jon Egil Vik	landbrukssjef
Harald Kjær	utmarksforvaltar

Ordføreren ønskte velkomen og skisserte kort bakgrunnen for utviklingsfondet og det arbeidet som hadde vore kommunane i mellom.

Sak 1:

Marit Elisabeth Larssen gjekk gjennom vedtektene slik dei ligg føre og med endring som følgje av vedtak i kommunestyra. Ho kommenterte mellom anna bakgrunnen for at ein valde felles forvaltning og kvifor Gloppen hadde fleir representantar i styret.

Gloppen som dagleg administrator av fondet vil nytte kommunale sakshandsamingsprogram og kommunen sine malar i arbeidet med fondet. Alle relevante dok skal arkiverast, og arbeid skal dokumenterast.

Fellesutgifter til administrasjon vert forskottert av GK og fordelt på kommunane. (vedtektene er ikkje helt oppdatert på dette punktet) Representantane sine reise- og møteutgifter skal gjerast opp med den einskilde kommune.

§7 om støtteformer er ikkje uttømande – det er viktig å merke seg.

I slutthandsaminga av vedtektene i kommunestyra vart indeksregulering av fondet vedteke – vedtektene må justerast i samsvar med vedtaket.

I løpet av denne seansen vart nokre relevante problemstillinga reist:

- Problematikken omkring påfyll på fondet.
 - Styret bør ha dette i mente og nytte dei høve som måtte kome i tida framover
- Handsaming av tiltak som er oppstarta før søknad.
 - I utgangspunktet vil ein bruke litt fornuft i slike saker og vurdere det i kvart einskild tilfelle.
- Habilitetsproblematikk då nokre medlem sit både i forvaltningsstyret og i fondsstyret.
 - Habilitet bør ikkje vere noko problem, men ein bør vere oppmerksam på det.
- Oppfølging av tildelte midlar – kor tett skal søkjarane følgjast opp etter at vedtak om tilskot er gjort.

Sak 2:

Konstituering av nemnda. Nemnda skal konstituere seg sjølv. Det kom framlegg om leiar og nestleiar som høvelege funksjonar. Sidan Gloppen har største delen av verneområdet og Naustdal er nest størst kom det først framlegg og leiar frå Gloppen og nestleiar frå Naustdal. Det kom framlegg om Jeffrey Thomas som leiar og Normund Svoen som nestleiar. Begge vart vald samrøystes. Sekretær vert frå Gloppen kommune sin administrasjon.

Valet vart gjort for valperioden til nemnda – fram til neste kommunestyreval.

Sak 3:

Arbeidsplan for 2013 starta med ein gjennomgang av vedtektene. Gjennomgangen var ved Harald Kjær. Følgjande forhold vart teke opp / kommentert:

- §1 – 3dje ledd i vedtektene (indeksregulering) skal rettast opp i samsvar med vedtaket i kommunestyra. Dette bør kunne gjerast utan formell endring av vedtektene sidan ein har vedtaka i dei ulike kommunane å vise til
- §1 - Felles folkevald nemnd, siste setning er etter det som vart opplyst ved gjennomgang av vedtektene ikkje i samsvar med dette: «Kostnader med administrasjon av fondet kan blir dekt av avkastninga frå fondet»
- Gloppen kommune vil nytte Websak til saker som vedkjem Utviklingsfondet, og leggje inn eit nytt politisk «utval» til bruk for saker som skal opp i styret for fondet.
- Klagenemd må etablerast - GK kan utfordre kommunane til å gjere naudsynte vedtak.
- Vedtak i nemnda skal vere fleirtalsvedtak men med min 2/3 av representantane til stades. Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme.
- Kva er rett tidspunkt for årleg rapportering etter §5?
- Kva er høvelege vilkår ved tildeling av støtte frå fondet. Alle vilkår må inn i vedtaket om tilskot. Vilkåra må mellom anna omhandle rapporteringsplikt til styret. Vilkåra vil måtte variere frå sak til sak. Vi må sjå litt på liknande saker. Viktig å gjere klart kva vedtaket inneber og kva plikter som kviler på søkjar / tiltakshavar.
- Søknadsfrist for tilskot frå fondet må lysast ut så snart som råd på kommunane sine heimesider og i Firda og Firda Tidend. Vedtekter må vere lett tilgjengelege på kommunane sine heimesider. GK tek ansvar for å informere kommunane snarast.
- Viktig å halde fristen vor å meddele vedtak om tildeling av mildar innan fristen den 20 juni. Det vil seie at vedtak pm tilskot bør gjerast seinast i løpet av mai.
- Søknader som kjem inn etter søknadsfristen (og etter at handsaminga har teke til) vil måtte vente til neste søknadsrunde. Tildeling imellom søknadsrundene er ikkje aktuelt.
- Søknadsskjema skal utarbeidast, men i denne runden vil det ikkje bli klart. Målet må vere å få til eit PDF-skjema som det kan skrivast i og som kan sendast inn elektronisk.
- Kontroll med tiltak. Vedtak om tilskot fell bort viss tiltak ikkje er starta opp innan 12 mnd. Dette er automatikk som på eit eller anna vis må kome klart fram i vedtaket. Plikt til å rapportere ved oppstart er eit måte å gjere det på. Andre tiltak overfor søkjar kan vere aktuelle.
- Oppfølging under vegs og sluttkontroll – kan det vere i oppgåve for den einskilde kommune?
- Saldokort – på line med det ein brukar mellom anna i SMIL-saker kan vere aktuelt som dokument ved delutbetaling og sluttutbetaling?

Nokre problemstillingar må løysast under vegs. Sekretariatet vil få behov for å tilpasse sakshandsaming etter signal frå styret.

Sekretariatet vil bruke e-post i korrespondansen med styret. Varamedlem og dei respektive kommunar skal ha kopi av korrespondansen slik at alle er orientert om arbeidet i styret og administraasjonen.

Neste møte i styret er sett til onsdag 17. april kl 10.00 på heradshuset i Gloppen. Til møtet skal innkomne søknadene om tilskot så langt som mogleg leggjast fram for styret til avgjerd.

Styret / administrasjonen bør profilere fondet og søknader om tilskot i Firda og Firda Tidend i tillegg til at det vert ei annonse. Dette er spesielt viktig nå når

Med helsing

Harald Kjær
utmarksforvaltar / referent
tlf. 979 91 049

Kopi til:

Arne Jostein Gimmedstad	Rygg	6823	SANDANE
Dagfinn Nyhammer	Kreklingen 4	6823	SANDANE
Førde kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Jakob Andre Sandal	Klakegg	6843	SKEI I JØLSTER
Judit Kapstad	Storetrævegen 48	6847	VASSENDEN
Jølster kommune	Kommunehuset	6843	SKEI I JØLSTER
Naustdal kommune	Postboks 43	6806	NAUSTDAL
Ole Erik Tingnes	Vevring	6817	NAUSTDAL
Siw Landro	Skjærabøen 8A	6800	FØRDE
Sølvi Espeland Hope		6829	HYEN